

# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Formannskapet

**Møtestad:** Kommunetunet

**Møtedato:** 01.06.2016

**Tid:** kl.16:00 - 23:50

pause 19:15 – 21:47

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Saklista og saksdokumenta vart gjort tilgjengeleg elektronisk 26.05.2016 og 27.05.2016.

Møtet vart kunngjort i lokalavisa og på heimesida.

<b>Desse medlemene møtte:</b>	<b>Parti</b>
Atle Kvåle	Ap
Hans Ekeberg	Ap
Magne Djuvik	Frp
Aud-May Boge	H
Bjarte Samnøy	Krf
Margunn Yndestad Samnøy	Sp
Mikal Leigland	Sp
Svein Lang	Sp

<b>Forfall</b>	<b>Parti</b>	<b>Møtande varamedlemmer</b>	<b>Parti</b>
Anne-Grethe Gjerdevik	Ap	Gustav Folkestad, V	

<b>Inhabil</b>	<b>Sak</b>	<b>Følgjande varamedlemmer møtte</b>	<b>Merknad</b>
Mikal Leigland, Sp	044/2016	Peter Hans de Zwarte, Sp	Mikal Leigland, Sp, stilte spørsmål om han er ugild sidan han er deleigar av Bjørnefjorden utbygging AS som ønskjer å kjøpa arealet. Mikal Leigland gjekk frå møtet. Peter-Hans de Zwarte møtte som vararepresentant og tok plass i møtet. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf. forvaltningslova § 6 1. ledd.

**Andre som var tilstade på møtet:**

Rådmann Berit Fløisand.

Assisterande rådmann Elisabeth Farstad

Ansvarleg sekretær Gunn Sissel Teigen

Einingsleiar undervisning Anne-Merete Hellebø

Einingsleiar barnehage Irene Kvåle Foer

Einingsleiar pleie og omsorg Gro E. Almås  
Einingsleiar Anne Skagseth  
Spesialrådgjevar Anne Lise Aaseng  
Einingsleiar samfunnsutvikling, økonomi og service Terje Raunsgard  
Einingsleiar teknisk drift Øystein Havsgård

**Orientering:**

Sosialkonsulent Synne S. Håve orienterte og svarta på spørsmål om rullering av ruspolitisk handlingsplan.

**Merknader til innkalling og sakliste:**

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste. Saklista vart samrøystes endra slik:  
Etter sak nr 42/16, vart sak nr 50/16 og 49/16 handsama. Etter pausen i møtet var sak nr 43/16 handsama.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 05.06.2016

---

Atle Kvåle  
Ordførar

---

Gunn Sissel Teigen  
Ansvarleg sekretær

# Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
041/2016	Godkjenning av møteprotokoll
042/2016	Årsmelding og rekneskap for Fusa kommune - 2015
043/2016	Prosjektrapportering formannskapet 2016
044/2016	Søknad om kjøp av areal til utviding av Fusa vidaregåande skule
045/2016	Utbygging av gjestehavn i Eikelandsosen - molo
046/2016	Planprogram Kommunedelplan for kultur 2016-2027 - 1. gongs handsaming
047/2016	Utgjeving av bok med ord og uttrykk frå Fusa
048/2016	Busetjing av flyktningar - orientering om status
049/2016	Revidert økonomiplan 2016 - 2019
050/2016	Tertialrapport pr. 1.5.2016
051/2016	Framlegg om lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune

## **041/2016: Godkjenning av møteprotokoll**

Møteprotokoll frå møte 13.04.2016 og 27.04.2016 vert godkjende.

### **Formannskapet 01.06.2016:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen endra sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 13.04.2016 vert godkjent.

Rådmannen sitt nye framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **FOR- 041/2016 Vedtak:**

Møteprotokoll frå møte 13.04.2016 vert godkjent.

## **042/2016: Årsmelding og rekneskap for Fusa kommune - 2015**

#### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Rådmannen viser til saksutgreiinga og legg saka fram utan tilråding.

### **Formannskapet 01.06.2016:**

#### **Handsaming:**

Handsaming i ungdomsrådet og senior - og funksjonsrådet vart lagra ut elektronisk 30.05.2016.

Ordførar Atle Kvåle, Ap, fremja følgjande felles forslag:

Årsmelding og rekneskap for 2015 blir godkjend. Fusa kommune følgjer tilrådingane frå fylkesmannen når det gjeld dekning av underskot for 2014 og at resterande del av overskotet frå 2015 vert avsett til disposisjonsfond.

Felles framlegg fremja av Atle Kvåle vart samrøystes tilrådd.

#### **FOR- 042/2016 Vedtak:**

Årsmelding og rekneskap for 2015 blir godkjend. Fusa kommune følgjer tilrådingane frå fylkesmannen når det gjeld dekning av underskot for 2014 og at resterande del av

overskotet frå 2015 vert avsett til disposisjonsfond

**Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2016:**

**Handsaming:**

Følgjande felles framlegg til uttale - fremja av Ulf Lie - vart samrøystes vedteke: Saka vert teke til orientering.

**RAAD- 019/2016 Vedtak:**

Samrøystes uttale:

Saka vert teke til orientering.

**Ungdomsrådet 30.05.2016:**

**Handsaming:**

Fusa ungdomsråd tok samrøystes saka til etterretning.

**UNG- 018/2016 Vedtak:**

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

**043/2016: Prosjektrapportering formannskapet 2016**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

**Formannskapet 01.06.2016:**

**Handsaming:**

Handsaming i ungdomsrådet og senior - og funksjonsrådet vart lagra ut elektronisk 30.05.2016.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FOR- 043/2016 Vedtak:**

Prosjektrapporten vert teken til etterretning.

## Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2016:

### Handsaming:

Følgjande felles framlegg til uttale - fremja av Ulf Lie - vart samrøystes vedteke: Senior- og funksjonsrådet tek saka til orientering.

### RAAD- 021/2016 Vedtak:

Samrøystes uttale:

Senior- og funksjonsrådet tek saka til orientering.

### Ungdomsrådet 30.05.2016:

### Handsaming:

Fusa ungdomsråd tok samrøystes saka til etterretning.

### UNG- 019/2016 Vedtak:

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

## 044/2016: Søknad om kjøp av areal til utviding av Fusa vidaregåande skule

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Fusa kommune vil ikkje på noverande tidspunkt selja areal til utviding av Fusa vidaregåande skule.

Utviding av skulen må takast i den komande plansaka som har blitt starta opp. Dersom det i planen vert lagt inn utviding av Fusa vidaregåande skule, er Fusa kommune positiv til å selja naudsynt areal.

Inhabil	Følgande varamedl. møtte	Merknad
Mikal Leigland	Peter Hans de Zwarte	Mikal Leigland, Sp, stilte spørsmål om han er ugild sidan han er deleigar av Bjørnefjorden utbygging AS som ønskjer å kjøpa arealet. Mikal Leigland gjekk frå møtet. Peter-Hans de Zwarte møtte som vararepresentant og tok plass i møtet. Mikal Leigland vart samrøystes kjend inhabil, jf. kommunelova § 40 nr 3, jf.

**Formannskapet 01.06.2016:****Handsaming:**

Følgjande framlegg fremja av Svein Lang, Sp, vart samrøystes vedteke:  
Formannskapet ber om at konsekvenser av et salg utredes før realitetsbehandling.

Framleget fremja av Svein Lang vart samrøystes vedteke.

**FOR- 044/2016 Vedtak:**

Formannskapet ber om at konsekvenser av et salg utredes før realitetsbehandling.

**045/2016: Utbygging av gjestehavn i Eikelandsosen - molo****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Planlegging av og bygging av molo ved gjestehamn i Eikelandsosen sentrum i samsvar med reguleringsplan vedteken i 2004 vert gjennomført ved bruk av overskotsmassar frå fleirbrukshallprosjektet. Arbeidet vert finansiert ved bruk av midlane på prosjekt 230 på investeringsbudsjettet for 2016, inntil kr 500 000.

**Formannskapet 01.06.2016:****Handsaming:**

Mikal Leigland, Sp, fremja følgjande forslag:  
Fusa kommune bevilger inntil kr 500.000,- til gjestehavn. Forutsetninga er at næringsdrivande og andre deltar i eit spleiselag for ferdigstilling og drift av anlegget i framtida. "Velforeninga " skal stå for drift og vedlikehold og ta kostnad med dette. Fusa kommune skal ut av prosjektet med denne bevilgninga.

Framlegget fremja av Mikal Leigland vart samrøystes tilrådd.

**FOR- 045/2016 Vedtak:**

Fusa kommune bevilger inntil kr 500.000,- til gjestehavn. Forutsetninga er at næringsdrivande og andre deltar i eit spleiselag for ferdigstilling og drift av anlegget i framtida. "Velforeninga " skal stå for drift og vedlikehold og ta kostnad med dette. Fusa kommune skal ut av prosjektet med denne bevilgninga.

## **046/2016: Planprogram Kommunedelplan for kultur 2016-2027 - 1. gongs handsaming**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa kommune legg ut til offentleg ettersyn framlegg til Planprogram for Kommunedelplan for kultur 2016-2027, med heimel i PBL § 5-2 og § 11-3 . Høyringsfristen er sett til 1. september 2016. Det vert samstundes varsla om oppstart av planarbeidet, etter PBL § 11-12.

### **Formannskapet 01.06.2016:**

#### **Handsaming:**

Handsaming i ungdomsrådet og senior - og funksjonsrådet vart lagra ut elektronisk 30.05.2016.

Hans Ekeberg, Ap, fremja følgjande forslag:

Som rådmannen med følgjande tillegg:

Formannskapet vedtek at pkt. 1.2 i kulturplanen får tilføyd 2 ekstra kulepunkt:

- Seniorar
- Barn med funksjonshemming

Punkta må inn i kulturplanen og ikkje berre som frivillighet.

Framlegget frå Hans Ekeberg vart samrøystes tilrådd.

### **FOR- 046/2016 Vedtak:**

Fusa kommune legg ut til offentleg ettersyn framlegg til Planprogram for Kommunedelplan for kultur 2016-2027, med heimel i PBL § 5-2 og § 11-3 . Høyringsfristen er sett til 1. september 2016. Det vert samstundes varsla om oppstart av planarbeidet, etter PBL § 11-12.

Formannskapet vedtek at pkt. 1.2 i kulturplanen får tilføyd 2 ekstra kulepunkt:

- Seniorar
- Barn med funksjonshemming

Punkta må inn i kulturplanen og ikkje berre som frivillighet.

### **Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2016:**

#### **Handsaming:**

Følgjande felles framlegg til uttale - fremja av Ulf Lie - vart samrøystes

vedteke:Senior- og funksjonsrådet applauderer planen og foreslår at punkt 1.2 i

kulturplanen får tilføyd 2 ekstra kulepunkt:• Seniorer• Barn med

funksjonshemmingPunktene bør inn i kommunens plan og ikke berre som frivillighet.



**RAAD- 022/2016 Vedtak:**

Følgjande felles framlegg til uttale - fremja av Ulf Lie - vart samrøystes vedteke: Senior- og funksjonsrådet applauderer planen og foreslår at punkt 1.2 i kulturplanen får tilføyd 2 ekstra kulepunkt:

- Seniorer
- Barn med funksjonshemming.

Punktene bør inn i kommunens plan og ikke berre som frivillighet.

**Ungdomsrådet 30.05.2016:****Handsaming:**

Fusa ungdomsråd tok samrøystes saka til etterretning.

**UNG- 020/2016 Vedtak:**

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

**047/2016: Utgjeving av bok med ord og uttrykk frå Fusa****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Fusa formannskap tek budsjett for utgjeving av bok med ord og uttrykk frå Fusa til etterretning og kostaterar at prosjektet er i rute. Opplaget vert fastsett til 1000 eksemplar og utsalspris til kr 298,-. Målet er at boka skal vera i handelen medio oktober 2016.

**Formannskapet 01.06.2016:****Handsaming:**

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

**FOR- 047/2016 Vedtak:****Vedtak:**

Fusa formannskap tek budsjett for utgjeving av bok med ord og uttrykk frå Fusa til etterretning og kostaterar at prosjektet er i rute. Opplaget vert fastsett til 1000 eksemplar og utsalspris til kr 298,-. Målet er at boka skal vera i handelen medio oktober 2016.

## **048/2016: Busetjing av flyktningar - orientering om status**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Status om arbeidet med busetjing av flyktningar vert teken til etterretning.

### **Formannskapet 01.06.2016:**

#### **Handsaming:**

Handsaming i ungdomsrådet og senior - og funksjonsrådet vart lagra ut elektronisk 30.05.2016.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

### **FOR- 048/2016 Vedtak:**

Status om arbeidet med busetjing av flyktningar vert teken til etterretning.

### **Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2016:**

#### **Handsaming:**

Følgjande felles framlegg til uttale - fremja av Ulf Lie - vart samrøystes vedteke: (6 røyster)Senior- og funksjonsrådet ønskjer kommunen lykke til med arbeidet.

### **RAAD- 029/2016 Vedtak:**

Samrøystes uttale:Senior- og funksjonsrådet ønskjer kommunen lykke til med arbeidet.

### **Ungdomsrådet 30.05.2016:**

#### **Handsaming:**

Fusa ungdomsråd tok samrøystes saka til etterretning.

### **UNG- 023/2016 Vedtak:**

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

## **049/2016: Revidert økonomiplan 2016 - 2019**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt til formannskapet som gjev innstilling til kommunestyret, jfr. vedlagde notat.

### **Formannskapet 01.06.2016:**

#### **Handsaming:**

Handsaming i ungdomsrådet og senior - og funksjonsrådet vart lagra ut elektronisk 30.05.2016.

Svein Lang, Sp, fremja følgjande forslag:

1. Årets budsjett: Formannskapet viser til tertial rapport sak 50/16.
2. Økonomiplan 2017 - 2020 blir håndtert i budsjettprosess høsten 2016.

Framlegget fremja av Svein Lang vart samrøystes tilrådd.

#### **FOR- 049/2016 Vedtak:**

1. Årets budsjett: Formannskapet viser til tertial rapport sak 50/16.
2. Økonomiplan 2017 - 2020 blir håndtert i budsjettprosess høsten 2016.

### **Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2016:**

#### **Handsaming:**

Saka vart ikkje handsama.

#### **RAAD- 030/2016 Vedtak:**

Saka vart ikkje handsama.

### **Ungdomsrådet 30.05.2016:**

#### **Handsaming:**

Fusa ungdomsråd meinte i ein samrøystes uttale at dei er bekymra for kva konsekvensar dårleg kommuneøkonomi vil fåfor det kommunale tenestetilbodet til barn ogunge i åra som kjem. Tala i revidert økonomiplan gjev grunn til uro for utviklinga, særleg i slutten av perioden.

**UNG- 025/2016 Vedtak:**

Fusa ungdomsråd er bekymra for kva konsekvensar dårleg kommuneøkonomi vil få for det kommunale tenestetilbodet til barn og unge i åra som kjem. Tala i revidert økonomiplan gjev grunn til uro for utviklinga, særleg i slutten av perioden.

**050/2016: Tertialrapport pr. 1.5.2016****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Underskotet frå 2014 vert dekkja av rekneskapsoverskotet frå 2015, jf. sak om årsrekneskapen. Midlane i budsjettet for 2016 på kr 1 395 000 som var avsett til dette, vert i staden avsett til driftsfond disposisjonsføremål.

Investeringprosjekt 405 Utleigebustad flyktningar.  
Finansiering på kr 3,9 mill., vert endra frå momskompensasjon til lån.

Tertialrapporten vert teken til etterretning.

**Formannskapet 01.06.2016:****Handsaming:**

Handsaming i ungdomsrådet og senior - og funksjonsrådet vart lagra ut elektronisk 30.05.2016.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystts tilrådd.

**FOR- 050/2016 Vedtak:**

Underskotet frå 2014 vert dekkja av rekneskapsoverskotet frå 2015, jf. sak om årsrekneskapen. Midlane i budsjettet for 2016 på kr 1 395 000 som var avsett til dette, vert i staden avsett til driftsfond disposisjonsføremål.

Investeringprosjekt 405 Utleigebustad flyktningar.  
Finansiering på kr 3,9 mill., vert endra frå momskompensasjon til lån.

Tertialrapporten vert teken til etterretning.

**Råd for seniorar og menneske med nedsett funksjonsevne 30.05.2016:****Handsaming:**

Saka vart ikkje handsama.

**RAAD- 031/2016 Vedtak:**

Saka vart ikkje handsama.

**Ungdomsrådet 30.05.2016:****Handsaming:**

Fusa ungdomsråd tok samrøystes saka til etterretning

**UNG- 026/2016 Vedtak:**

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.

**051/2016: Framlegg om lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune vert sendt på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader.

**Formannskapet 01.06.2016:**

**Handsaming:**

Handsaming i ungdomsrådet vart lagra ut elektronisk 30.05.2016.

Margunn Y. Samnøy, Sp, fremja følgjande forslag:

Saka vert utsett.

Utsetjingsforslaget fekk 4 røyster og fall. ( 1 Krf, 3 Sp)

Framlegget frå rådmannen vart vedteke med 5 røyster ( 2 Ap, 1 frp, 1 H, 1 V) mot 4 røyster. ( 1 Krf, 3 Sp)

**FOR- 051/2016 Vedtak:**

Lokal forskrift om skulekrinsgrenser i Fusa kommune vert sendt på høyring med 6 veker frist til å koma med merknader.

**Ungdomsrådet 30.05.2016:**

**Handsaming:**

Fusa ungdomsråd tok samrøystes saka til etterretning.

**UNG- 024/2016 Vedtak:**

Fusa ungdomsråd tek saka til etterretning.